

## R-sak 6-24

### Årsrapport for VØR inkludert rekneskap og årsmelding

#### Tilråding til vedtak:

1. Representantskapet godkjenner årsrapport for VØR for 2023 slik den ligg føre.

#### Saksutgreiing:

Styret i VØR handsama i sitt møte 3.april framlegget til årsrapport for 2023. Dei gjorde samrøystes vedtak:

*Styret rår representantskapet til å gjere slikt vedtak:*

*Representantskapet godkjenner årsrapport for VØR for 2023 slik den ligg føre.*

Vedtaket vart gjort på grunnlag av at administrasjonen la fram sitt framlegg til årsrapport for 2023.

I fjor vart det valt ei anna handsaming og utforming på årsmelding og rekneskap, der lett tilgjenge og fokus på nøkkelinformasjon vart vektlagt. Etter gode tilbakemeldingar vidarefører ein no dette konseptet med ein samla årsrapport, der rekneskap og årsmelding inngår.

Saksgangen er slik at etter tilråding i styret, går saka vidare til representantskapet som skal godkjenne årsmelding og rekneskap endeleg. Dokumenta vert så sendt over til eigarkommunane - til orientering.

Eit viktig grunnlag for årsrapporten er rapporteringane som vert gjort:

- KOSTRA 15.februar: rapportering på avfallsmengder og handteringa av dei
- KOSTRA 22.februar: rapportering på dei førebelse rekneskapstala
- Statsforvaltaren 1. mars: rapportering i høve til driftsløyva og vilkåra der

I prosessen med rekneskapen har VØR leigd bistand frå Sparebank1 Regnskapshuset AS. Dei bisto i nokon grad i 2023 også, og dette har vi utvida i år. Samarbeidet med dei sikrar VØR tilgang på kapasitet og kompetanse, slik at vi får ei god kvalitetssikring av utføringa og vert mindre sårbare.

Revisjonsarbeidet er det Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS som står for, og vår faste revisor gjennom mange år, Halldis Moltu, har sett til at rekneskapen er rett og komplett. Ho

har også gjennomgått årsmeldinga, jf revisjonsmeldinga. På syremøtet 3.april deltok Moltu og orienterte styret om prosessen med revisjonen, samt at ho informerte om observasjonar som er gjort undervegs og svarte på spørsmål.

Delen som heiter årsmelding, er det som elles vert kalla «styrets årsberetning». I tillegg til faste formkrav og emne som skal omtalast i samsvar med Regnskapslova §3-3a, er det også lagt vekt på å sjå kva 2023 inneber av konsekvensar for åra som kjem, inkludert trendar, behov og prioriteringar.

Hans Peter Eidseflot

*Dagleg leiar*

Vedlegg:

- Årsrapport 2023 for Volda og Ørsta Reinhaldsverk IKS